

# Turar frå Aurdal i Øvre Vats

1. Sletthaug (480 m.o.h.)	5. Steinsland, Sandeid
2. Åksla (700 m.o.h.)	6. Stølen/Stuhaug seter og Stuhaug gardsmuseum
3. Vardafjellet (661 m.o.h.)	
4. Steinslandsnuten (514 m.o.h.)	

Kjør om lag 3,2 km på E 134 frå Knapphus mot Ølen til tidlegare Vats gartneri der det står skilt til Aurdal – ta av til høgre. Følg denne vegen til endes - 1,4 km - og litt forbi tunet til Haslemo. Her finn du ein god parkeringsplass med info.tavle med opplysningar om dei ulike turane – her står skilt for turstiane innover dalen på god traktorveg – alle stiane har felles utgangspunkt herifrå.

**Start:** På traktorveg hos Jan og Harald Haslemo i enden av Aurdalsvegen

**Parkeringsplass:** Ja – god og romsleg plass ved geitefjøset til fam. Haslemo.

## 1. Tur til Sletthaug. (480 m o.h.)

**Avstand:** 4 km opp til hytta på Sletthaug.

**Tidsbruk:** Om lag 1t 15 min. å gå opp til hytta m/småpausar..

**Vanskegrad:** Blå tur – ein del bratte parti.

**Terreng:** Følg traktorveg heilt opp til hytta på Sletthaug. Vegen går fyrst langs elva oppover forbi **Sagflåta** og over **Kleiva** bru og vidare gjennom gran- og furuskog i slakt terreng til du kryssar Aurdalselva på ny ved **Fjellgardsbakken**. Herifrå slyngar vegen seg oppover i furuskog - ta av til høgre ved skilt om lag 800 lenger opp , **sjå skilt** – til **Sletthaug, Åksla og Vardafjellet**. Deretter blir det ein del bratte parti på vegen.

**Opplysningar:** Gjennom denne dalen, **Aurdalsdalen**, har det vore ein gamal ferdselsveg frå Øvre Vats til Sandeid i gamle dagar. I dag går det traktorveg innover heilt over til Steinsland i Sandeid.

Vegen opp til Sletthaug har ein del bratte parti, men han er god å gå på. Det er sett opp sitjebenk halvvegs oppe.- ta det med ro og nyt turen.

Du finn også ein del namneskilt langs vegen. Like før du kjem opp til hytta på Sletthaug, går du forbi **Karatesteinane**.

Hytta på Sletthaug er open for alle. Skriv deg inn i hytteboka inne og i boka som ligg i kassen på veggen ute – då blir du med på **Nutafanten til speiderane**.

**Fottøy:** Fjellsko er best. Følg skilting. God tur

## 2. Tur til Åksla. (700 m o.h.)

**Avstand:** 6 km opp til toppen.

**Tidsbruk:** Om lag 2 t å gå opp til toppen.

**Vanskegrad:** Blå/raud tur, ein krevande og bratt tur siste stykket opp til Durmålskar.

**Terreng:** Følg traktorvegen innover Aurdalsdalen og opp til hytta på Sletthaug.

**Sjå info. om denne turen til Sletthaug.**

Stien vidare frå Sletthaug går gjennom lett kupert terreng. Følg merkepinnar og skilt.

Stien har ein god stigning inn i bjørkeskogen og opp bratte kneikar før du kjem til

**Durmålskar**. Ved Durmålskar står det skilt og merkepinnar vidare.

Stien opp til Åksla er noko bratt, men fast og fin å gå på - godt merka.

**Opplysningar:** Det er ”god” traktorveg opp til hytta på Sletthaug. **Sjå info. om stien til Sletthaug..**

På Sletthaug må du ta ein pause og nyta utsikta over bygda.

Hytta er open for alle og her kan du skriva deg inn i hytteboka inne. Speiderane si bok i kassen på veggen utforbi må du også skriva deg inn i - **Nutafanten**.

Stien vidare er godt merka – du får nokre våte parti på flaten før du byrjar på vegen oppover i bratt terreng gjennom bjørkeskog til **Durmålskar**.

Oppe ved Durmålskar er det skilta. Følg skilt til **Åksla til venstre**.

**Varden på Åksla vart laga den 17. okt. 1999 - av 18 ivrige personar.**

**Dette er ein tusenårsvarde – ein milleniumsvarde.** Flott utsikt over bygda og heile Haugalandet. Skriv deg inn i boka som ligg i turkassen til speidarane.

**Fottøy:** Fjellsko. Følg skilt og merking. God tur.

### 3. Tur til Vardafjellet. (661 m o.h.)

**Avstand:** 6 km.

**Tidsbruk:** 2 t opp til toppen.

**Vanskegrad:** Blå/raud tur, ein krevande tur eit stykke før **Durmålskard**.

**Terreng:** Følg traktorvegen innover Aurdalsdalen og opp til hytta på Sletthaug – vegen har ein del bratte parti oppover i fin bjørkeskog. **Sjå info.om turen til Sletthaug.**

Ved Sletthaug går du vidare på godt merka og rydda sti i lett terreng ned til ein flate – litt våte parti. Så går stien vidare oppover i svært bratte og krevjande parti til Durmålskar. Her står det skilt til Vardafjellet mot høgre og Åksla til venste. Stien opp til Vardafjellet er god å gå på – følg merkepinnar.

**Opplysningar:** God traktorveg til hytta på Sletthaug. **Sjå info. om turen til Sletthaug.** Hytta her er open og her kan du skriva deg inn i hytteboka. Her må du ta ein velfortent pause og få att pusten og nyta utsikta over bygda før du går vidare.

Stien vidare er same sti som til Åksla heilt opp til Durmålskar. **Sjå info om denne.** Her tek du av til høgre til Vardafjellet og til vestre til Åksla. Følg skilting.

Du bør ha gode sko – helst fjellsko – nokre våte parti.

På Vardafjellet finn du ein varde som vart laga av speidarane for mange år sidan. Varden er restaurert i det siste. Flott utsikt over Vats og store deler av Haugalandet. Skriv deg inn i boka som ligg i turkassen til speidarane.

**Fottøy:** Fjellsko God tur.

### 4. Tur til Steinslandsnuten (514 m o. h.)

**Avstand:** 5,5 km opp til varden på toppen.

**Tidsbruk:** Om lag 2 t å gå til toppen med vanleg gange.

**Terreng:** Traktorveg heilt inn til foten av Steinslandsnuten. Du må gå over 3 bruer. Stien er rydda, merka og skilta gjennom bjørkeskog, buskar og brakar.

**Vanskegrad:** Blå tur – familietur.

**Opplysningar:** Følg traktorvegen innover langs Aurdalselva og over **Kleiva bru**. Lenger oppe kryssar du elva på ny ved **Fjellgardsbakken**. Gå vidare innover til vegkrysset til med skilt til Sletthaug mot høgre, men du går vidare på skilta veg vidare mot **Sandeid og Steinslandsnuten**.

Etter dette vegkrysset vil du gå over bru ved Tverrelva. Lenger inne kryssar du Aurdalselva endå ein gong ved **Tverrberget**. Like før du kryssar elva, står det skilt til Stuhaug seter (Stølen) og Stuhaug gardsmuseum. Gå over brua og følg vegen opp bakken - følg skilting her. Då kjem du inn på ny skogsveg som kjem frå. Steinsland i Sandeid. Følg denne til du kjem til skilt til Steinslandsnuten. Stien er rydda og merka med merkepinnar heilt opp.

Fin utsikt på toppen. **Fottøy:** Gode tette sko. God tur.

## 5. Tur til Steinsland, Sandeid.

**Avstand:** Om lag 7 km heilt fram til gardshusa.

**Tidsbruk:** Om lag 2,5 tå gå fram til Steinsland i Sandeid.

**Terreng:** Traktorveg heilt ned til Steinsland forbi Ølen sitt vassverksanlegg.

**Vanskegrad:** Blå tur – familietur.

**Opplysningar:** Følg traktor vegen innover Aurdalsdalen. Du må gå over 4 bruer: **Kleiva bru**, bru ved **Fjellgardsbakken**, brua over **Tverrelva** og så brua ved **Tverrberget**. Følg skilt til **Steinslandsnuten** og **Sandeid**. Traktorvegen slyngar seg nedover i blandingskogen. Du vil passera Ølen vassverk sitt anlegg like før du er ned ved garden. **Fottøy:** Gode sko.

## 6. Tur til Stuhaug seter/Stølen/Sønnaåstølen og Stuhaug gardsmuseum i Sandeid.

**Avstand:** Om lag 4 km til Stølen og om lag 8 km heilt fram til Stuhaug gardsmuseum

**Tidsbruk:** Om lag 1,5 t å gå til Stølen og om lag 2,5 t å gå ned til gardstunet.

**Terreng:** Traktorveg opp til Tverrberget. Så går du inn på merka sti - mjukt myrlendt terreng til Sønnaåstjørna og fram til Stølen. Frå Stølen er det traktorveg som slyngar seg oppover til han svingar seg nedover lia gjennom bjørkeskog og busk og kratt heilt ned til Stuhaug gard

**Vanskegrad:** Blå tur – fin familietur.

**Opplysningar:** Følg traktorvegen innover Aurdalsdalen som snor seg mellom granskog, furuskog og bjørkeskog

Du kryssar Aurdalselva 2 gonger – fyrst over **Kleiva bru** og lenger

inne i dalen går du over elva ved **Fjellgardsbakken**. Følg vegen vidare innover og forbi skiltet som syner vegen til Sletthaug, Åksla og Vardafjellet. Der må du gå over brua over **Tverrelva**. Vegen vidare går til **Tverrberget**. Her tek du av til høgre like før du kjem til ei ny bru. Sjå skilt til Stølen, Stuhaug og Sandeid. Her er merka sti på ein litt fuktig/myrlendt veg forbi Sønnaåstjørna. **Stuhaug seter/-stølen** ligg like ovanfor denne tjørna. Dette er ein svært gamal støls plass og var i bruk til om lag 1920-åra. Sønnaåstølen vart restaurert i 1993 av fam. Rognald Stuhaug. Den gamle fjosen v/utedoen som ligg under ein stor stein/hidler, er framleis intakt. I dag går det ungdyr heile sommaren på Stølen på det oppdyrka beitet.

Her må du ta ein pause. Utanfor setra står eit hagebord som du kan bruka – her kan du la tankane gå attende i tid og tenkja på korleis det var i gamle dagar med slit og strev for å få endane til å møtast på ein gard der det gjerne var mange munnar å metta. Etter denne filosoferinga kan du gå vidare på skogsvegen heilt ned til Stuhaug gardsmuseum som Rognald Stuhaug og kona, Greta, har bygt opp gjennom mange år. Her finn du 10 bygningar som er flytta dit frå nærliggande bygder - med eit komplett bygdetun m/ smie, stabbur m.m. Her finn du også vel 4000 gjenstander som er samla og systematisert.

Etter avtale m/fam Stuhaug får du koma inn og få med deg mange kulturhistoriske inntrykk frå dette flotte gardsmuseet **Fottøy:** Gode tette sko.